



Jennifer Martz (i bakskenen), Jan Helge Pile og Jimmy Martz.

**Ekteparet Jennifer og Jimmy Martz frå Oklahoma City (Yukon) i staten Oklahoma er på eit tre vekers ferieopphald i Noreg.**

**Dei er gjester hos Nancy Corbin og Jan Helge Pile. Nancy er tanta til Jennifer**

Til no har dei vore innom Sandefjord og Uskedalen. Turen går vidare til Bergen og Oslo. I Uskedalen fekk dei oppleve ein vakker rotur til Skorpo med tur på Skorpefjellet. Framkomsten var den gamle treborda Tysnesfæringen til Dag Helland.

Jimmy Martz rodde for fyrste gong i sitt liv og etter kort øving kunne han det meste.

Jennifer og Jimmy er begge musikk lærarar. Ho driv sitt eige musikkstudio og har elevar i piano, Jimmy har bandeelvar.

Jennifer var på sin fyrste Noregstur i 2003 då ho var gjest i brudlaupet til Nancy og Jan Helge - eit internasjonalt brudlaup med prest frå heimlassen til brura i staten Iowa og med feiring ombord på veteran skipet Gamle Salten.

Jan Helge er godt vand i robåt. I ein Oselvar har han mellom anna segla og rodd rundt Svalbard.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Jimmy i ein god, gamal norsk færing.